


# ÅRSMELDING

## ACTA BARN OG UNGE I NORMISJON SOGN OG FJORDANE

### 2022



**acta**

Sogn og Fjordane

## *1 - Årets gleder*

---

Dette året var det mange gleder i Acta Sof. Vi fekk gjennomført mange leirar, fekk fem nye lokallag, og fekk starta opp igjen med leir på Teigen for å nemne noko. Det er så kjekt å sjå det lokale engasjementet rundt lagsarbeidet vårt og vi heiar på både nye lag og lag som har holdt på i mange tiår! Vi har no fleire lokallag i Acta Sogn og Fjordane enn vi har hatt på mange år! Det er stas!



## *2 - Årets utfordring*

Årets utfordring for Acta SoF har vore å finne gode strategiar for å få fulgt opp lag og leiarar rundt i fylket. Med få tilsette har det vore krevjande å få gjeve alle frivillige den oppfølginga dei fortjener. Vi er takksame for, og stolte av alt det frivillige arbeidet som blir lagt ned, og jobbar hardt for å kunne gje god oppfølging og sjå den enkelte.

## *3 - Rapportering av talmateriale*

---

### **3.1 - Lokalt arbeid i Acta 2021**

Støtteordninga gjer at årsrapportar blir godkjent på hausten, så der ligg statistikken eit år bak.

Lokallag totalt 2021: 20 (20) lokallag og 2 (2) barnehagar er tilslutta Acta pr 31/12-2021.

Tal på lokallag med godkjent årsrapport for 2021: 19 (2020: 13)

Tal på aktive lokallag utan godkjent årsrapport 2021: 1 (2020: 7)

Tal godkjente medlemmer i lokallaga (har betalt medlemskont. 2021: 290 (2020: 191)

Tal medlemmer totalt i 2021: 401 (2020: 481)

I løpet av 2022 fekk vi fleire nye lokallag, men nokre la også ned. Per 31.12.2022 er det 23 aktive lokallag i SOF. Det er fantastisk å sjå trufaste leiarar som står på år etter år. Vi i Acta-styret takkar for arbeidet og vil inspirere til ny teneste!

### **Fordeling pr. kategori**

6 (7)	Barnelag
10(10)	Barnekor/Soul Children
3 (2)	Ungdomslag
0 (0)	Familielag
1 (1)	Regional leirklubb
2 (2)	Barnehagar



### Fordeling pr. område

17(16)	Nordfjord
1(1)	Sunnfjord
1(2)	Sogn
1(1)	Regional

### 3.2 - Regionalt arbeid i Acta

#### Leirarbeidet

Totalt arrangement: 11 (8)

Totalt avlyste leirar: 2 (3)

Totalt tal på deltakarar: 320 (192)

Totalt tal på leiarar: 79 (45)

Medlemmar i leirklubb: 58 (112) I 2022 var det 58 medlemmar i leirklubben, mot 112 året før. Nedgangen skyldast nok i hovudsak at ein har gått over til digitalt påmeldingssystem til leir. Dette gjer at ein ikkje lenger har blitt utfordra direkte munnleg på å verte medlem, men at det bare er eit av mange spørsmål i påmeldingssystemet. Dette må vi finne ei løysing på.

*Talmateriale fordelt på leirstadar:*

STAD	ARRANGEMENT	TAL PÅ DELTAKARAR
Fjordly ungdomssenter	8 (6) leirar for barn- og ungdom (2 vart avlyst)	311 (192)
Teigen leirstad	2 (2) leirar for barn og ungdom. (ein vart avlyst)	9 (0)
Totalt	9 Arrangement gjennomført	320 (192)



### 4 - Økonomi

Acta Sogn & Fjordane har felles økonomi med Normisjon Sogn & Fjordane og årsrekneskapen der syner eit underskot på 981 608,-kr

Tusen takk til alle som støttar Acta med fast gjevarteneste og andre gåver!

## ***5 - Acta-styret sin kommentar***

---

Acta-styret hadde i 2022 2 fysiske møter, 3 teamsmøter og eit fellesmøte med RS, og handsama 19 saker. Det vart valt nytt styre på årsmøte i August.

## ***6 - Styre og tilsette***

---

### **Frå årsmøte var Acta-styret samansett slik:**

Leiar:	Johan Olav Nyberg	2022-2023
Nestleiar:	Håkon Stave	2021-2023
Styremedlem:	Henriette Restad Kvalheim	2021-2023
Styremedlem:	Lillian Prestvik	2022-2024
Styremedlem:	Karoline Husevåg	2022-2024
Varamedlem:	Elisabet Osdal	2022-2023
Varamedlem:	Audun Bjørnereim	2022-2023
Varamedlem:	Benjamin Hoddevik	2022-2023
RS-representant:	Aud Norunn Vig	

### **Tilsette**

Stine Hopland actaleiar 100%  
Somarteam: Frida Bjørnereim, Jenny Leirgul, Håvard Lade, Nils Inge Eimhjellen og Filip Tøsse

### **Takk**

Takk til Gud som ved sin heilage Ande leiar oss fram dag for dag, gjev visdom og håp, og leiar oss til born og unge som vi får dele «grensesprengande fellesskap» med.

Takk til deg som er frivillig, anten det er i lag, på leir eller i støttefunksjon. Takk til deg som oppmuntrar leiarane våre, og takk til deg som er medvandrar! Du er verdifull!

Takk til deg som ber for arbeidet vårt. Forbøn for arbeidarar og arrangement dannar grunnlaget for alt vårt arbeid. Utan at Gud er med i arbeidet vårt klarar vi ikkje å nå målet om Jesus-tilbedande og grensesprengande fellesskap!

Takk til deg som investerer i arbeidet økonomisk. Utan støtte kunne vi ikkje ha auka satsinga for born og unge i regionen, og utan støtte hadde ikkje dei tilsette kunne ha hovudfokus på å spreie ordet om Jesus, nåde, og evig liv!

Vi ser at Gud jobbar i Sogn og Fjordane, og vi ser at vi får lov å vere med på store ting. Ver med i arbeidet vidare, vi trur at Gud fortsatt har store planar for Sogn og Fjordane

*Johan Olav Nyberg*

Johan Olav Nyberg  
Styreleiar

*Stine Lillebø Hopland*

Stine Lillebø Hopland  
Acta-leiar

